



NOREGS HØGSTERETT

Den 20. mai 2008 sa Høgsterett dom i

HR-2008-00897-A, (sak nr. 2007/1716), sivil sak, anke,

A

(advokat Gro Sandvold – til prøve)

mot

Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Erlend Haaskjold)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård:** Saka gjeld spørsmålet om kva som er skjeringstidspunktet for det faktum som skal omsyntakast av Trygderetten.
- (2) A, som er fødd i 1950, vart ved vedtak 26. november 1996 tilstått uførepensjon etter ein uføregrad på 100 prosent frå 1. mai 1991. I tilknytning til søknaden hadde A sendt inn to erklæringar frå sin behandlande lege, Knut Petter Kolshus.
- (3) Rikstrygdeverket gjorde 27. april 1999 vedtak om at trygda ikkje lenger skulle gi trygdeyttingar med grunnlag i erklæringar frå lege Kolshus, jf. folketrygdlova § 25-7. Statens helsetilsyn vedtok 3. november 2000 å suspendere autorisasjonen av Kolshus som lege, for deretter 19. desember 2001 å kalle autorisasjonen attende med verknadstidspunkt 1. januar 2002.
- (4) Under søknadsprosessen om uføretrygd var opplyst at A hadde gått til behandling hos psykolog Hege Foseid i eitt år fram til 1993. Det viste seg seinare at Foseid aldri hadde vore godkjend som psykolog.

- (5) Fylkestrygdekontoret i Oslo tok opp spørsmålet om rett til uførepensjon for A til ny vurdering under tilvising til omstenda for Kolshus og Foseid. Ved vedtak 2. mai 2003 vart det fastsett at uførepensjonen skulle opphøre med verknad frå 1. mai 2003.
- (6) A påklaga vedtaket til Trygderetten 23. mai 2003. I samsvar med trygderettslova § 13 utarbeidde fylkestrygdekontoret utkast til oversendingsbrev til Trygderetten, som 23. oktober 2003 vart sendt til A for uttale. Den nye behandlande legen for A, Lars Blystad, sende inn ei erklæring datert 6. november 2003 til støtte for at A skulle behalde uførepensjonen. Fylkestrygdekontoret sende saka over til Trygderetten 13. same månaden, og uttala i oversendingsbrevet at merknadene frå lege Blystad ikkje var av ein slik art at dei førte til endringar i fylkestrygdekontoret sitt standpunkt eller grunngeving.
- (7) Ved orskurd 28. mai 2004 stadfesta Trygderetten vedtaket frå fylkestrygdekontoret. Det vart lagt til grunn at A ikkje fylte vilkåra for rett til uførepensjon på tidspunktet for fylkestrygdekontoret sitt vedtak. Samtidig uttala Trygderetten at forverring av tilstanden etter vedtakstidspunktet kan gi grunnlag for å setje fram nytt krav.
- (8) A sette fram nytt krav 21. juni 2004. Det vart vist til mellom anna ei erklæring frå psykolog Tonje Østvold Byhre frå mai 2004 i tillegg til tidlegare framlagt dokumentasjon. Det lokale trygdekontoret innhenta erklæringar frå spesialistar i psykiatri, Anne Regine Føreland og Berthold Grünfeld. Med grunnlag i desse avslo trygdekontoret 4. mai 2005 kravet om uføretrygd. Fylkestrygdekontora i Oslo og Akershus stadfesta avslaget 7. desember 2005.
- (9) Ankesaka vart sendt til Trygderetten 30. august 2006. Trygderetten stadfesta vedtaket ved orskurd 27. oktober 2006. Det var dissens i Trygderetten, i det ein av dei tre dommarane røysta for å ta anken til følge.
- (10) A reiste saker for Borgarting lagmannsrett om begge avgjerdene frå Trygderetten. Sakene vart sameina til felles behandling. Borgarting lagmannsrett sa dom 5. september 2007 med slik domsslutning:

"1. Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet frifinnes.

2. Saksomkostninger tilkjennes ikke."

- (11) I dommen la lagmannsretten til grunn same skjeringstidspunkt for prøvinga av retten til uføretrygd som det Trygderetten hadde gjort, nemleg tidspunktet då fylkestrygdekontoret gjorde vedtak.
- (12) A anka dommen til Høgsterett. Ved Høgsteretts kjæremålsutval si avgjerd 14. januar 2008 vart anken vist til Høgsterett for så vidt gjaldt skjeringstidspunktet for bevisvurderinga i Trygderetten. Anken elles vart nekta fremja.
- (13) Ankeparten, A, har særleg halde fram:
- (14) Prinsipalt må det leggjast til grunn at korrekt skjeringstidspunkt for bevisvurderinga i Trygderetten var tidspunktet for orskurden der. Dette kan byggjast på ordlyd og systematikk i lova om Trygderetten. Såleis har Trygderetten eit utgreiingsansvar, jf. § 15 nr. 1, retten kan nemne opp sakkunnige, jf. § 15 nr. 6, byggje på tilhøve som ikkje er gjort gjeldane av partane, jf. § 20 første ledd og også gå ut over påstandar til gunst for den

private, jf. § 20 andre ledd. Det er vidare Trygderettens avgjerd som kan prøvast av domstolane, jf. § 23 første ledd, noko som talar for at Trygderetten må ha rett og plikt til å prøve alle sider ved saka.

- (15) Høgsteretts dom i Rt. 2007 side 1815 er ikkje avgjerande for spørsmålet, men dommen må likevel støtte opp under at Trygderetten må ta omsyn til nytt faktum som retten er kjend med på avgjerdstidspunktet. Det er ingen fast forvaltningspraksis hos Trygderetten i spørsmålet. Det synest vere opp til Trygderetten si eiga vurdering om nytt faktum skal omsyntakast.
- (16) Reelle omsyn talar med styrke for at avgjerdstidspunktet i Trygderetten må leggjast til grunn. Dette vil gi det materielt sett beste resultatet og også vareta omsyn til rettslikskap og til at avgjerda skal vere føreseieleg. I saker som tar lang tid for Trygderetten, vil det føre til tap for ein privat part om han må søkje på nytt etter å ha fått Trygderettens avgjerd, samanlikna med det som vil vere situasjonen om Trygderetten prøver saka fullt ut.
- (17) Subsidiært må det leggjast til grunn at korrekt skjeringstidspunkt for avgjerder i Trygderetten er tidspunktet for oversendinga av saka frå fylkestrygdekontoret til Trygderetten. Dette er det minste som kan sluttast ut frå det lovgrunnlaget det tidlegare er vist til og frå praksis i Trygderetten.
- (18) Om Trygderetten har lagt til grunn feil skjeringstidspunkt, er det sannsynleg at dette kan ha verka inn på resultatet. Dette kan byggjast mellom anna på dei etterfølgjande erklæringane frå lege Blystad og psykolog Byhre. Trygderettens andre orskurd er rettskraftig, men kan ikkje vere bindande ved ny behandling av det første kravet.
- (19) A har sett fram slik påstand:
 - ”1. Trygderettens kjennelse av 28. mai 2004 oppheves.
 - 2. A tilkjennes saksomkostninger for lagmannsrett med tillegg av lovens rente fra forfall til betaling skjer.”
- (20) Ankemotparten, *staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet*, har særleg halde fram:
- (21) Det var rett når lagmannsretten kom til at Trygderetten hadde høve til å leggje tidspunktet for vedtak i underinstansen til grunn som skjeringstidspunkt ved bevisvurderinga. Medan det i forvaltningsretten til vanleg er slik at det skal skje ei fullstendig overprøving hos klageinstansen, er situasjonen annleis for Trygderetten. For Trygderetten er det tale om *anke* der Trygderetten skal prøve underinstansen sitt vedtak, jf. trygderettslova § 11 andre ledd bokstav c. Det kan då tenkjast fire skjeringstidspunkt. Søknadstidspunktet er det logiske tidspunktet, men likevel ikkje aktuelt. Vedtakstidspunktet må vere det avgjerande, jf. at det er tale om å prøve underinstansens vedtak. Det kunne også tenkjast at oversendingstidspunktet er avgjerande, jf. at underinstansen etter § 13 skal ta eit påanka vedtak opp til ny vurdering. Endeleg kan det tenkjast ei rein notidsvurdering hos Trygderetten, som ei pragmatisk løysing der noko anna vil framstå som formalistisk. Trygderetten må såleis ha høve til å velje det siste tidspunktet i særlege tilfelle.
- (22) Det finst ingen avklarande rettspraksis. Dommen i Rt. 2007 side 1815 seier berre det sjølvssagde at domstolane skal prøve Trygderettens avgjerd på same grunnlag som det

Trygderetten sjølv hadde. Heller ikkje trygderettslova § 15 om undersøkingsplikt seier meir enn at Trygderetten må syte for forsvarleg opplysning i høve til skjerings tidspunktet.

- (23) At skjerings tidspunktet som det klare utgangspunktet må vere tidspunktet for det underliggjande vedtaket, er lagt til grunn av Trygderetten i svært mange avgjerder. Det vart første gong uttala i orskurd 5. mars 1969. Seinare har det vore ei pragmatisk grunna utviding med utskote skjerings tidspunkt for visse typar nye opplysningar.
- (24) Forvaltningslova gjeld ikkje for Trygderetten. Det er også slik at ei avgrensing av kompetansen for ein klageinstans kan følgje av normgrunnlaget. Det kan såleis ikkje sluttast noko ut frå alminnelege prinsipp for forvaltningsklage. Trygderetten står i ei særstilling, ved ikkje å vere ein alminneleg klageinstans men eit domstolliknande forvaltningsorgan.
- (25) Trygderettens kompetanse etter lova er som alt framheva å prøve tilhøva på tidspunktet for det underliggjande vedtaket. Men gjennom fast og langvarig praksis har Trygderetten tilteke seg retten til å nytte eit utskote skjerings tidspunkt, som kan vere oversendingstidspunktet eller tidspunktet for eiga avgjerd. Det kan skje dersom tilbakevising til underinstansen synest lite tenleg, og også dersom det aktuelle spørsmålet er tilstrekkeleg utgreidd og avgjerdsgrunnlaget er forsvarleg. Endeleg kan det skje til eit seinare tidspunkt enn vedtakstidspunktet dersom det har gått svært lang tid sidan underinstansvedtaket.
- (26) Under alle omstende hadde val av skjerings tidspunkt ikkje innverknad på resultatet. Det går fram av den nye avgjerda i Trygderetten etter at A sende ny søknad, jf. også dei erklæringane som då vart innhenta.
- (27) Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett fram slik påstand:
- ”1. **Lagmannsrettens dom, domsslutningens punkt 1, stadfestes.**
 2. **Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet tilkjennes saksomkostninger for lagmannsrett og Høyesterett med tillegg av lovens rente fra forfall til betaling skjer.”**
- (28) *Eg går så over til å gjere greie for mitt syn på saka. Innleiingsvis nemner eg at når fylkestrygdekontoret tok opp att saka, skjedde det etter føresegna i folketrygdlova § 12-12 om revurdering av uføregraden, jf. § 21-6 om endra forhold. Det sentrale spørsmålet for fylkestrygdekontoret og seinare for Trygderetten var såleis A sin helsetilstand.*
- (29) Eg startar med spørsmålet om skjerings tidspunktet. Spørsmålet kom opp i Trygderettens orskurd av 28. mai 2004. Før eg siterer frå orskurden minner eg om at A 6. november 2003, etter fylkestrygdekontorets vedtak 2. mai 2003, men før oversendinga til Trygderetten, hadde lagt fram ei erklæring frå lege Lars Blystad. Blystad skreiv at A sin helsetilstand hadde forverra seg klart etter at uføretrygda vart stoppa, og at han sleit med alvorleg depresjon. Eg siterer så frå Trygderettens avgjerd:

”På bakgrunn av kontrollundersøkelse den 18. desember 2002 konkluderte psykiater Føreland med at A, ut fra en psykiatrisk vurdering var å anse som fullt arbeidsfør.

På bakgrunn av Føreland og Blystads erklæringer oppfatter retten As psykiske lidelse å ha utviklet seg negativt etter at fylkestrygdekontoret fattet vedtak om stans av uførepensjonen. For å vurdere As helsetilstand i dag ville det etter rettens oppfatning vært nødvendig med en uttalelse fra Tøyen Distriktpsikiatriske Senter. Den foreliggende sak gjelder imidlertid anke over fylkestrygdekontorets vedtak av 2. mai 2003. Retten ser at det i As sykdomsbilde også er komponenter av muskel- og skjelettplager med smerter. Etter en samlet vurdering av sakens medisinske opplysninger finner retten det likevel ikke sannsynliggjort at A fylte vilkårene for rett til uførepensjon på tidspunktet for fylkestrygdekontorets vedtak. Forverrelse av tilstanden etter vedtakstidspunktet kan gi grunnlag for å sette frem nytt krav.”

- (30) Lagmannsretten slutta seg til dette synet. Det heiter i dommen:

”Lagmannsretten går så over til å prøve Trygderettens kjennelse av 28. mai 2004 og finner at tidspunktet som skal legges til grunn for prøvingen, er samme tidspunkt som Trygderetten har lagt til grunn, jf. Eidsivating lagmannsretts dom av 30. august 2005 (04-24310) og Borgarting lagmannsretts dom av 26. juni 2007 (06-178280FØR-BORG/03). I vår sak betyr det at skjæringspunktet er 2. mai 2003 som er tidspunktet da fylkestrygdekontoret traff sitt vedtak. Det innebærer at det ikke var noen feil av Trygderetten den ikke la vekt på opplysningene fra lege Lars Blystad, som ble sendt fylkestrygdekontoret 6. november 2003 og hvor det fremgikk at As psykiske helse hadde forverret seg etter fylkestrygdekontorets vedtak.”

- (31) Partane har begge lagt til grunn at det her var tale om eit nytt faktum. Eg er einig i at forverring av helsetilstanden etter tidspunktet for underinstansvedtaket vil vere nytt faktum. Eit anna døme på nytt faktum i ei trygdesak kan vere at det er gjennomført attføringstiltak. Saka gjer det ikkje nødvendig å gå inn på ei grensedraging mellom nytt faktum og bevis for tidlegare tilstand, men eg peikar på at det nokre gonger kan vere vanskeleg å dra ei eksakt grense, ikkje minst når det gjeld ein helsetilstand.
- (32) Staten har gjort gjeldande at Trygderetten har ein særleg posisjon, og at det bør ha innverknad på skjeringstidspunktet for vurdering av bevis. Sjølv om Trygderetten er eit frittstående forvaltningsorgan, jf. Innst. O. VI for 1966–67 sidene 3–4, kan eg ikkje sjå at dette i seg sjølv peikar på noka løysing med omsyn til skjeringstidspunktet; for å gjere det er det nødvendig med ei nærare analyse av dei ulike reglane.
- (33) Prosessreglane for Trygderetten har dels mønster frå tvistemålslova, men det er også mange parallellar til vanleg forvaltningsprosess. Reglane i trygderettslova § 13 om ny prøving hos underinstansen etter anke til Trygderetten, er til dømes reglar som mest samsvarar med klagebehandling etter ordinære forvaltningsrettslege reglar. Det same kan nok seiast om mange av dei andre prosessreglane for Trygderetten. Trygderetten har såleis full kompetanse til å prøve alle sider ved underinstansens vedtak. Retten kan leggje til grunn omstende som ikkje er gjort gjeldande av partane, jf. § 20 første ledd, og også gå ut over påstandane til gunst for den private parten, jf. § 20 andre ledd. Som resultat kan Trygderetten stadfeste eller omgjere det påanka vedtaket, eller oppheve det og vise saka attende til underinstansen til ny behandling, jf. § 21 fjerde ledd.
- (34) Dette må også sjåast i samanheng med reglane om opplysning av saka i § 15. Etter § 15 nr. 1 skal retten syte for at saka blir tilstrekkeleg opplyst. I § 15 nr. 3 er det fastsett at Trygderetten kan påleggje den private parten å la seg undersøkje eller intervjuje av lege eller annan sakkunnig, dersom det kan ha interesse for avgjerda å ha opplysningar om ”helse, ervervsevne eller ervervsmuligheter”.

(35) Dersom ein ser på kvart einskild element som eg her har vist til, kan det nok vere slik at dette kan passe inn utan omsyn til kva som blir lagt til grunn som skjeringsstidspunkt. Men ser ein reglane samla, peikar dei etter mi meining i retning av at Trygderetten skal vurdere bevis ut frå tidspunktet for sluttbehandlinga der. Regelverket synest såleis tilpassa at Trygderetten sjølv fullt ut skal kunne prøve alle sider ved saka, og det er då nærliggjande med ei notidsvurdering. Dersom det hadde vore meininga at det skulle skje ei overprøving av saka slik ho stod på tidspunktet for underinstansens avgjerd, kan det nok også seiast at det hadde vore naturleg at det var sagt med reine ord.

(36) Eg går så over til å sjå på praksisen i Trygderetten. I ein orskurd frå 5. mars 1969, ankesak nr. 285/1968, uttala Trygderetten:

”I alminnelighet må Trygderetten legge til grunn situasjonen på det tidspunkt vedtaket [underinstansens vedtak] ble truffet. Spørsmålet blir da om AP’s ervervsevne i oktober 1967 var redusert med mer enn 50 prosent.

.. .

Man vil imidlertid få tilføye at dersom det i tiden etter at Rikstrygdeverket traff sin avgjørelse er skjedd en vesentlig endring i de forhold som har vært avgjørende for fastsettelsen av uførepensjonen, kan den ankende part søke trygdemyndighetene om gjenopptagelse av saken i medhold av folketrykkelovens § 8-5 siste ledd.”

(37) Det skjedde ei vidareutvikling av synsmåtane i orskurd 18. desember 1969, ankesak nr. 238/1968, der det heiter:

”I alminnelighet vil Trygderetten måtte legge til grunn for sin avgjørelse situasjonen på det tidspunkt da det påankede vedtak ble truffet, og spørsmålet om det senere er skjedd en vesentlig endring i de forhold som har vært avgjørende, vil måtte henvises til ny behandling i Rikstrygdeverket, jfr. Trygderettens kjennelse av 5. mars 1969 i ankesak nr. 285/68 (Publ.nr. 08/17). Unntak må imidlertid kunne gjøres når retten finner de foreliggende opplysninger tilstrekkelig til å treffe en avgjørelse, og partene er kjent med disse opplysninger, jfr. ankelovens § 20 annet punktum. Når retten finner det ubetenkelig, må i slike tilfelle også endringer som er skjedd etter at det påankede vedtak ble truffet, kunne trekkes inn i ankesaken. Særlig gjelder dette hvis den ankende parts interesser tilsier det, og retten kan ikke se at ankeloven er til hinder for det. Tvert imot kan det sies at den selvstendige stilling ankeloven gir Trygderetten når det gjelder bevisførselen, saksforholdet og partenes påstander, taler sterkt for å anta at retten må ha en slik adgang. Det vises i denne forbindelse særlig til lovens §§ 15 nr. 1 og 20.

I den foreliggende sak finner retten at sterke rimelighetsgrunner taler for at den ankende part nå får en avgjørelse som ikke bare gjelder tidsrommet før 6. mars 1967, da det påankede vedtak ble truffet. Den ankende parts ervervsmessige situasjon siden den gang er på det rene, og retten finner det ubetenkelig å treffe en avgjørelse på grunnlag av de opplysninger som foreligger og som er kjent for partene.”

(38) I ei avgjerd 2. juli 1997, ankenr. 1258/1996, der Trygderetten var sett med 5 fagdommarar og 2 meddommarar, viste Trygderetten til avgjerda frå 18. desember 1969 som retningsgivande for seinare praksis. Framlagde avgjerder frå Trygderetten stadfester at det med litt varierende formuleringar har vorte teke omsyn til seinare faktiske omstende. Eg nøyer meg med å vise til tre døme. I orskurdar 30. april 2004, ankenr. 04/00521, og 18. november 2005, ankenr. 05/02407, omgjorde Trygderetten uførevedtak grunna attføringstiltak etter underinstansvedtaket. Den tredje saka, ankenr. 03/02723, avgjort ved orskurd 5. desember 2003 gjaldt også attføring. Det heiter der:

”Uansett dette er det, etter at saken ble oversendt Trygderetten, lagt frem en sluttrapport fra en utprøvningsperiode ved fylkestyregdekontoret. Attføringsuttalelser fra

andre instanser er ikke bindende for fylkestyrgdekontorets vurdering. Sett i sammenheng med sakens øvrige opplysninger finner imidlertid retten nevnte sluttrapport tilstrekkelig overbevisende til å konkludere med at det ikke er grunnlag for å anse ytterligere attføring hensiktsmessig i APs tilfelle. Retten finner at hun varig helt har tapt sin inntektsevne og fyller vilkårene for hel uførepensjon.”

- (39) Statens prosessfullmektig har summert opp praksisen med å omsynta etterfølgjande faktum til å gjelde saker der ”tilbakevisning fremstår som lite hensiktsmessig”, ”det aktuelle spørsmålet er tilstrekkelig utredet og avgjørelsesgrunnlaget er forsvarlig” og ”det har gått (svært) lang tid”. Eg har ikkje grunnlag for å seie om dette er ein fullnøyande måte å samanfatte praksis på. Det må i alle fall kunne seiast at det har vore ein praksis av eit visst omfang, og der det ikkje er lett å sjå heilt klare avgrensingar av når det skal takast omsyn til nytt faktum og når det ikkje skal det.
- (40) Eg nemner at det også er lagt fram døme på saker der Trygderetten har bygd på den rettsoppfatninga som den private parten gjer gjeldande i saka no. Det kan her visast til orskurdar 9. februar 2007, ankenr. 06/03269, og 23. mars 2007, ankenr. 07/00540.
- (41) Det finst ein ganske ny dom frå Høgsterett som er av interesse. Avgjerda i Rt. 2007 side 1815 gjaldt spørsmålet om kva faktum domstolane skal leggje til grunn ved prøving av avgjerder frå Trygderetten. Eg siterer frå avsnitt 33:
- ”Etter mitt syn må utgangspunktet for prøving av om vedtak i trygdesaker er gyldige, vere faktum slik det låg føre for det aktuelle organet på vedtakstidspunktet. Dette er også det alminnelege utgangspunktet i forvaltningsretten, jf. her også avgjerd frå Høgsteretts kjæremålsutval innteken i Rt-2003-460. Det kan godt seiast at dette nettopp er ein følge av at domstolane skal stå for kontroll av forvaltningsvedtak.”**
- (42) Temaet var eit anna enn i vår sak. Men når det er ”faktum slik det [ligg] føre for det aktuelle organet på vedtakstidspunktet” som skal vere avgjerande for domstolprøvinga, gir det best samanheng om vedkomande organ – her Trygderetten – også må byggje på alt det som ligg føre på dette tidspunktet. Eg viser her også til den grunnleggjande føreseгна om ankebehandlinga for Trygderetten i § 19 første ledd der det heiter:
- ”Retten behandler tvisten på grunnlag av den skriftlige fremstilling som partene har gitt og sakens øvrige opplysninger.”**
- (43) Det er verken i lovteksten eller i Rt. 2007 side 1815 nokon reservasjon om at omsyntaking til opplysningar berre må skje så langt det er tale om opplysningar som relaterer seg til tidspunktet for avgjerd i underinstansen.
- (44) Slik eg har forstått statens argumentasjon, er praksis i Trygderetten trekt fram nærast ut frå at praksisen avbøter dei vanskane statens grunnleggjande syn inneber. Men slik eg ser det, kan Trygderettens praksis ikkje vektleggjast i så måte. Praksis er uklar og svært skjønnsmessig, og han er heller ikkje utan unntak. Ut frå rettstryggleikssyn finn eg det vanskeleg å byggje på denne praksisen. Det vil vere svært vanskeleg for private partar og for deira rådgivarar å kunne finne ut av når nye omstende blir omsynstekne av Trygderetten og når dei ikkje blir det. Og som eg straks kjem til, kan det valet Trygderetten gjer, få materiell verknad for den private parten.
- (45) A vart i Trygderettens orskurd i 2004 gjort merksam på at forverring av tilstanden etter vedtakstidspunktet i underinstansen kunne gi grunnlag for å setje fram nytt krav. Dersom

vilkåra for den private parten er oppfylte kort tid etter eit underinstansvedtak og det tek noko tid før avgjerd i Trygderetten, vil ei slik løysing kunne føre til rettstap for ein privat part då ytingar grunna eit nytt krav – bortsett frå i særhøve – berre kan givast frå tidlegast tre månader før søknadstidspunktet, jf. folketrygdlova § 22-13.

- (46) Eg kan ikkje sjå at det ligg føre vektige grunnar som talar for at Trygderetten, ulikt det som meir allment gjeld for andre forvaltningsorgan, ikkje skal ha plikt til ei fullstendig prøving av dei faktiske tilhøva på vedtakstidspunktet. Som det går fram av § 19 første ledd, jf. også Rt. 2007 side 1815, skal prøving skje på grunnlag av opplysningane i saka for Trygderetten på dette tidspunktet. Plikta etter § 15 til sjølv å opplyse saka kan likevel ikkje forståast slik at Trygderetten av eige tiltak utan vidare skal undersøkje om tilhøva har endra seg etter vedtaket i underinstansen. Dersom det kjem nye opplysningar som går ut over det Trygderetten naturleg bør ta stilling til som ankeinstans, har Trygderetten etter § 21 fjerde ledd kompetanse til å oppheve underinstansen si avgjerd og heimvise saka til ny behandling. Av omsyn til samanhengen minner eg om at det eg her har sagt ikkje gjeld der ein privat part har sett fram det som er eit nytt eller eit anna krav.
- (47) Eg er såleis komen til at Trygderetten tolka lova feil. Trygderetten skulle ved prøvinga av saka ha teke omsyn til også nye faktiske omstende i høve til dei som låg føre då underinstansen gjorde sitt vedtak.
- (48) Spørsmålet er så om feilen kan ha verka inn på resultatet. Dette må avgjerast ut frå ei konkret vurdering basert på at Trygderetten i sin orskurd av 28. mai 2004 hadde teke omsyn til erklæringa 6. november 2003 frå lege Blystad. Det går fram av denne orskurden at retten ville ha innhenta uttale frå Tøyen Distriktpsikiatriske Senter om Blystads erklæring skulle omsyntakast. Ved behandlinga på grunnlag av det nye kravet låg det føre uttale frå senteret. Trygdekontoret innhenta då også erklæringar frå Anne Regine Føreland og Berthold Grünfeld, begge spesialistar i psykiatri. Med grunnlag i det nye materialet kom Trygderetten i orskurd 27. oktober 2006 med to mot ei røyst til at vilkåra for uføretrygd ikkje var til stades. Denne nye avgjerda er endeleg, jf. at anken til Høgsterett vart nekta fremja med unntak for skjeringstidspunktet. Sjølv om orskurden frå 2006 gjeld for det nye kravet, kan eg ikkje sjå at det er grunnlag for å kome til noko anna løysing for den mellomliggjande perioden frå uføretrygda vart stoppa og til ny søknad vart sendt.
- (49) Anken har etter dette ikkje ført fram. Saka har reist rettsspørsmål av allmenn interesse, og eg meiner staten ikkje bør tilkjennast sakskostnader for Høgsterett. Lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd bør bli ståande.
- (50) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Lagmannsrettens dom blir stadfesta.
2. Sakskostnader for Høgsterett blir ikkje tilkjende.

- (51) Dommer **Tjomsland:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (52) Dommer **Flock:** Likeså.
- (53) Kst. dommer **Kaasen:** Likeså.
- (54) Dommer **Gjølstad:** Likeså.
- (55) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Lagmannsrettens dom blir stadfesta.
2. Sakskostnader for Høgsterett blir ikkje tilkjende.

Rett utskrift: